



# Gjestebod

## Ny kommuneplan – samfunnsdel

Takk for at du vil halde gjestebod. I eit gjestebod inviterer ein person andre til å sete saman og snakke om eit tema. Gruppa kan bestå av venner, familie, kollegaer, styremedlemmar, naboar mv. Føremålet er at kommunen skal få inn dine meiningar og innspel om eit tema, i denne omgang er det samfunnsdelen som er ute på høyring.

### Inviter

Her er forslag til ein invitasjon du kan sende om du vil invitere til samling. Skriv den gjerne litt om, og bruk dine egne ord.

*«Hei. Eg vil invitere til gjestebod. Fjord kommune har laga utkast til ny samfunnsdel, og ønsker innspel frå deg og meg. Vi er oppfordra til å kome med tilbakemeldingar. Håper du vil kome (stad, dato, klokkeslett)».*

Eller ta det uformelt rundt lunsjbordet, styremøte, på tur eller liknande.

### Arranger

Du treng ikkje nødvendigvis invitere folk heim til deg. Eit gjestebod kan føregå på kafé, som ein gåtur, på eit lagsmøte eller på arbeidsplassen. Det treng heller ikkje å vare så lenge.

Spørsmål? Ta kontakt med kommunen på [post@fjord.kommune.no](mailto:post@fjord.kommune.no)

### Samtaletema

I tillegg til generell tilbakemelding på planutkastet, vil vi gjerne at de diskuterer:

- Kva er det beste med å bo i Fjord kommune?
- Kva skal til for at det blir endå bedre å bo her for di aldersgruppe?
- Kva er dei tre viktigaste tiltaka å prioritere i åra framover?
- Korleis skaper vi dei gode møteplassane?
- Samfunnet har store klima og miljøutfordringar, korleis kan vi i Fjord møte denne utfordringa?

Svar direkte i digitalt svarskjema som du finn på [www.fjord.kommune.no/hoyring](http://www.fjord.kommune.no/hoyring), på epost til [post@fjord.kommune.no](mailto:post@fjord.kommune.no), eller lever det på rådhus/kommunehus.